

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 25.04.2008
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 23.02.08 - 24.04.08**

Styresak 036/08 O
Administrerande direktør si orientering pkt 8

Styremøte 07.05. 2008

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 23.02.08 – 24.04.08
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	08.02.08	Invitasjon til fellesmøte med dei regionale helseføretaka sine internerisjonar.	Møte fann stad 3. april 2008. Helse Vest deltok v/internevisor.
	04.03.08	Riksrevisjonen rapporterte i Dok 3:9 (2005-2006) om undersøkinga av akuttmedisinsk beredskap i spesialisthelsetenesta. I samband med kontrollen for 2007 følgjer Riksrevisjonen opp ein del av funna som blei gjort i undersøkinga. Det er bedt om informasjon knytt til kompetanse, transportoppdrag, kostnadsbruk, driftskostnader for ambulanse og luftambulanse og tal på oppdrag for ambulanse og luftambulanse for perioden 2005-2007. Svarfrist var sett til 31.03.08.	Svar er sendt 31. mars 2008. Informasjonen er samla under kvart helseføretak. For driftskostnader og tal på oppdrag er det laga ei samla oversikt for Helse Vest.
	13.03.08	Tilbodet innan psykisk helsevern for vaksne. Riksrevisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med tema styringsdata/styring av føretaka. Intervjuet vil dreie seg om oppdragsdokument,	Møtet fann stad i uke 16.

		tilbakerapportering i årleg melding, kvalitet og relevans for styringsdata, forhold til avtalespesialistar, kapasitetsanalysar og avgrensing av vaksenpsykiatrien.	
	08.04.08	Korridorpatientar i Helse Stavanger HF/pasienthotellet St. Svithun. Riksrevisjonen ber om at det blir gjort greie for kva strategi Helse Vest og Helse Stavanger har og har hatt for å redusere den på landssbasis høge del korridorpatientar ved SUS og kva som blir gjort for å sikre at kapasiteten ved pasienthotellet blir utnyttta betre.	Svarfrist 29.04.08.
	15.04.08	Oppfølging og kvalitet i private institusjonar i rusomsorgen. Formålet med undersøkinga er å sjå om HOD og dei regionale helseføretaka har etablert eit hensiktsmessig system for oppfølging av tilbodet ved private institusjonar innan rusområdet som har avtale med dei regionale helseføretaka.	Svarfrist 06.05.08.
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus.	Rapportering frå Helse Bergen for februar og mars 2008 viser at det ikkje har vore korridorpatientar eller blitt brukt korridor plassar i akuttmottaket eller korttidsavdelingane. Det betyr at det frå 27.09.07 til utgangen av mars 2008 ikkje har vore brukt korridor plassar.
	21.02.08	Oversending av helse- og sosialmeldinga for 2007. Meldinga er ei artikkelsamling der ulike medarbeidarar har skrive artiklar om aktuelle tema innanfor helse- og sosialtenesta.	
	25.02.08	Oversending av regional oppsummeringsrapport og oppsummering etter landsomfattande tilsyn i 2007 med akuttmottak i somatisk spesialisthelseteneste. Sjå eiga styresak.	
	03.03.08	Tilsynsmeldinga 2007. Dette er ein årleg publikasjon der Helsetilsynet ønskjer å trekke fram sider ved sosial- og helsetenesta som fortener offentlig merksemd og debatt. Meldinga inneheld tematiske artiklar som samanfattar funn og erfaringar frå tilsynsverksemda i 2007 og ein statistikkdel som viser tal og fakta.	
	07.03.08	Oversending av rapportar som oppsummerar tilsyn i 2007 med avlastnings- og støttekontaktenester og med helse- og sosiale tenester til vaksne med psykiske lidningar.	
Arbeidstilsynet	27.03.08	Arbeidstilsynet vil i 2008 har merksemd retta mot helseføretaka	

		si oppfølging av pålegg gitt i samband med God Vakt og korleis føretaka sjølve har vurdert effekten av desse gjennom sitt systematiske arbeid med HMS. I denne samanheng ønskjer tilsynet eit møte med Helse Vest for å informere om korleis kampanjen skal gjennomførast.	
Datatilsynet	Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda.		
Sivilombudsm.	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden.		
Statens helsetilsyn	14.01.08	Varsel om tilsyn med Frelsesarmeens Behandlingscenter, avd Heskestad 12.03.08. Tilsynet omfattar inntak, utgreiing, behandling og utskriving av pasientar.	
	17.01.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Fjell 6. – 7. desember 2007. Tilsynet omfatta inntak, utgreiing, behandling og samarbeid med kommunale tenester. Det blei gitt to avvik ved tilsynet: <ul style="list-style-type: none"> - Helse Bergen HF har ikkje tilstrekkelig legekompentanse i form av spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatrien ved BUP Fjell - det blir ikkje utarbeidd individuell plan for alle pasientar som har behov for langvarige og koordinerte tenester <p>Helse Bergen HF er gitt frist til 1. juni med å gi melding om kva endringar som blir gjort og kva som er effekten av desse tiltaka.</p>	
	21.02.08	Oversending av rapport frå tilsyn ved BUP Stord/Kvinnherad 12.-13. desember 2007. Det blei påpeikt eit avvik: Helse Fonna har ikkje tilstrekkeleg legekompentanse i form av spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatri ved BUP Stord. <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. mai 2008 med å gi melding om kva tiltak som blir gjort for å rette på avviket.</p>	
	31.03.08	Melding om tilsyn med sandnes DPS, Stavanger Universitetssjukehus, helse Stavanger 3.-4. juni 2008.	
	02.04.08	Melding om tilsyn med pasientrettar Stavanger Universitetssjukehus, BUP Stavanger 22. mai 2008.	
Arbeidstilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Datatilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	

Statens strålevern		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	27.02.08	Helse Stavanger HF. Saka gjeld ein open anbodskonkurransse for innkjøp av to Multislice CT maskinar og eit Angiografi/Hybridlaboratorium med tilbehør samt opsjonar. Klager leverte inn tilbod, men tilbodet blei avvist. Klager hevder at det ikkje var adgang til å avvise tilbodet.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		